



KONTROLLUTVALET MØTEBOK - PROTOKOLL

Utval/styre råd:	Møtedato:	Innkalling av:	Møtestad:
Kontrollutvalet	15. mars 2019	8. mars 2019	Sel rådhus

Til stede på møtet:

Av i alt 5 medlemmer var 4 faste medlemmer til stades.

Sekretær i SKNG førte møteboka.

Møtet varte fra kl. 1000 til 1130.

Underskrifter:

Vi stadfestar at det som er ført på sak 07/19 er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.

Maj-Britt Svastuen

Ola Stormyrenge

Kari Skjåk

Bjørn Vadet

Utskrifter:

Protokoll fra kontrollutvalsmøtet går til:

- Medlemmene av kontrollutvalet og varamedlemmer.
- Sel kommune – administrasjonssjef og ordførar
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse

Innkalling og saksliste:

Kontrollutvalet hadde ingen merknad til innkallinga.



KONTROLLUTVALGET I SEL

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 15. mars 2019	Saksnr: 07/2018
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

Vedlegg:

Saksliste representantskapet i Innlandet Revisjon IKS

UTTALE OM SAMANSLÅING INNLANDET OG HEDMARK REVISJON IKS

Bakgrunn

Innlandet Revisjon IKS og Hedmark Revisjon IKS har det siste året forhandla om å slå saman dei to selskapa. Det er nå kome til handsaming i dei respektive representantskapene. I samband med dette ber ordførar i Sel om uttale frå kontrollutvalet i saka.

Vurdering

Etter Selskapsavtalen for Innlandet Revisjon IKS § 15 kan representantskapet gjera endringar i denne. Endringar må godkjennast av deltakarkommunane.

Etter kommuneloven §78 nr. 3 skal kontrollutvalet gjera innstilling til kommunestyret ved ny revisjonsordning.

Denne endringa er samanslåing av to IKS. Det er derfor ikkje ny revisjonsordning. Formelt er det ikkje krav til innstilling frå kontrollutvalet. Det er likevel naturleg at kontrollutvalet gjev ein uttale, ettersom det har tilsynsansvar med revisjonen.

Vurderingar om ei slik sak vil ha verdivurderingar, som høyrer til på politisk nivå. Sekretær vil derfor berre kommentere faglege tilhøve, slik at kontrollutvalet kan forme ei uttale. Kommentarane er avgrensa til samarbeidet med Innlandet Revisjon IKS.

Kommunikasjonen som ligg til grunn for tilsynsansvaret må koordinerast gjennom sekretariatet. Denne dokumentasjonen blir oversendt systematisk, slik at sekretær får naudsynt informasjon om tilhøve som skal leggjast fram for kontrollutvalet.

Innlandet Revisjon IKS har lagt fram dokumentasjon som avklarar dei naudsynte faglege kvalifikasjonane, samt tilhøve som avklarar uavhengigheit.

Når det gjeld forvalningsrevisjonsoppdrag, har Sel kommune fått rapportar etter bestillingane. Set ein dette i samanheng med at sekretær har oppdrag for 6K i Nord-Gudbrandsdalen, har Innlandet Revisjon levert rapportar etter bestillingane. Imidlertid har nokre av desse vore forsinka. Årsakene til dette har vorte forklart.

Forslag til vedtak:

Saka vert lagt fram utan innstilling. Kontrollutvalet drøftar og legg fram ei uttale.

Handsaming/uttale:

Kontrollutvalet i Sel har drøfta samanslåing av Innlandet Revisjon IKS og Hedmark Revisjon IKS. I utgangspunktet er kontrollutvalet bekymra for sentraliseringsprosessen, og dei konsekvensane dette har for Nord-Gudbrandsdal. Kontrollutvalet forutset at ved ei eventuell samanslåing blir hovudkontoret på Lillehammer, og at inngått avtale med kommunane i Nord-Gudbrandsdalen blir vidareført med bl.a. avdelingskontor på Otta.

Det er viktig at kostnadene ikkje blir vesentleg høgare enn dagens nivå. I den samanhengen er fysisk avstand ein faktor. Kontrollutvalet i Sel er bekymra for at auka reisetid vil føra til auka kostnader og redusert effektivitet.